

# FESTIVALEN I FYR OG FLAMME KJARTAN FLØGSTAD FOR FULL MUSIKK

1  
ØRE

## 30. SEPTEMBER 2023

**KULTURKIRKEN JAKOB**  
Hausmanns gate 14,  
0182 Oslo

**KL. 16.00 - 22.30**

**KJARTAN FLØGSTAD**

**PER ARNE GLORVIGEN**

**TORA AUGESTAD**

**TRYGVE SEIM**

**KJARTAN FLØGSTAD BAND**

**TRIO ALDE**

**JORUN MARIE  
KVERNBERG**

**NY NORSK  
MESSINGKVINTETT**

Ein mikrofestival der ei stjernerekke av artistar presenterer nye tingingsverk og musikalske høgdepunkt frå forfatterskapen til Kjartan Fløgstad, i samspel med forfattere sjølv.

Kjartan Fløgstad debuterte med lyrikk i 1968 og har sidan gitt ut over femti bøker, mange prisbelønte og i dei fleste sjangrar. Han er mest kjend for sine romanar, men har og, gjennom heile forfattarkarrieren, dikta songtekstar og samarbeidd med artistar og komponistar på kryss og tvers av etablerte sjangergrenser.

På denne festivalen presenterer ei stjernerekke av artistar musikalske høgdepunkt frå Fløgstads forfatterskap side om side med nye bestillingsverk. Fløgstad vil sjølv medverka i fleire av verka, og mellom konsertane vil dramaturg og konferansier **Ola E. Bø** samtala med forfattere om musikken, tekstane og dei ulike prosjekta. Artistane vil også opptre som gjester i konsertane til kvarandre, og slik vil det kanskje oppstå heilt nye måtar å oppleve Fløgstad på?

Songtekstane som blir framførde er henta frå heile forfatterskapen. Dei hyllar arbeidar- og folkekultur, kvardagshelter og kvardagsliv, og skildrar djuptgripande historier frå gruvesamfunn til flyktingkrise, frå Latin-Amerika til Sør-Varanger.

Frå debutsamlinga **Valfart** har folkemusikar og komponist Jorun Marie Kvernberg tonesett tekstar til eit nytt verk for messingkvintett, hardingfele og song, skrive på bestilling for denne festivalen! Det blir også urpremiere på dei rykande ferske songtekstane **Sør-Varanger suite** i eit nytt verk av den ettertrakta jazzsaksofonisten og komponisten Trygve Seim, framført av Tora Augestad, NyNorsk Messingkvintett og komponisten sjølv.

I tillegg får vi høyra musikk frå romanen **Due og Drone** (2019) framført av Kjartan Fløgstad Band (Steinar Raknes, Tom Stalsberg, Kjartan Fløgstad og Martin Windstad) og frå albumet **Himlaleite - songar av Fløgstad og Fliflet** med folkemusikktrioen Trio Alde. (Gabriel Fliflet, Berit Opheim og Jorun Marie Kvernberg)

Latin-Amerika får sjølv sagt også stor plass, og vi får Oslo-premiere på den gripande konsertforestillinga

**Koparsongar** av og med Per Arne Glorvigen og Kjartan Fløgstad, og smektande tangoar i Fløgstad-gjendikting, arrangert for dette høvet av Sverre Indris Joner.

Festivalen er initiert av NyNorsk Messingkvintett og arrangerast som eit samarbeid mellom NyNorsk Messingkvintett og Kirkelig Kulturverksted. Det kunstnariske programmet er kuratert av NyNorsk Messingkvintett i samråd med Fløgstad sjølv.

## PROGRAM

### **Del 1: Himlaleite - over alle blånar**

Konsert med Trio Alde og NyNorsk Messingkvintett m. fl. med musikk av Gabriel Fliflet og Jorun Marie Kvernberg.

### **Del 2: Koparsongar - ein hyllest til Latin-Amerika**

Konsert med Per Arne Glorvigen, Kjartan Fløgstad, Tora Augestad og NyNorsk Messingkvintett med musikk av Per Arne Glorvigen og arrangement av Sverre Indris Joner.

### **Del 3: Due og Drone - konsert med Kjartan Fløgstad Band**

Musikk av Steinar Raknes til tekstar av Kjartan Fløgstad og Tom Stalsberg.

### **Del 4: Sør-Varanger suite - toner frå grenseland**

Urframføring av tingingsverk av Trygve Seim. Med Tora Augestad, Trygve Seim og NyNorsk Messingkvintett.

**Finn billetter på [jakob.no](https://www.jakob.no)**



#### **Kjartan Fløgstad Band:**

Steinar Raknes, (bass)  
Tom Stalsberg (vokal)  
Kjartan Fløgstad (tekst)  
Martin Windstad (trommer)



#### **Per Arne Glorvigen**

(Bandoneon/komponist)



#### **Trio Alde:**

Jorun Marie Kvernberg (hardingfele/komponist)  
Gabriel Fliflet (trekkspill, piano, song)  
Berit Opheim (song)



#### **Trygve Seim**

(Saxofonar/komponist)



#### **NyNorsk Messingkvintett:**

Erlend Aagaard-Nilsen (trompet)  
Ingebjørg Bruket (trombone)  
Marie Solum Gran (horn)  
Berger Iver Færder (tuba)  
Jørgen Arnesen (trompet)



#### **Tora Augestad**

(mezzosopran)